



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Leif Magnus Sættem, 71258857

Vår dato
15.02.2010
Dykkar dato

Vår ref.
2009/3134/LESA/443.2
Dykkar ref.

adresseliste

FORSKRIFT OM FISKE ETTER ANADROME LAKSEFISK I VASSDRAG I MØRE OG ROMSDAL 2010-2014

Vi viser til Direktoratet for naturforvaltning (DN) sitt brev 25.09.2009 om oppstart av arbeidet med ny regulering av fisket etter anadrome laksefisk for perioden 2010-2014.

Vidare viser vi til vårt brev 01.12.2009 om høyring på framlegget til ny forskrift om fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i Møre og Romsdal 2010-2014.

Innleiring

Arbeidet med forskrifter for fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i Møre og Romsdal 2010-2014 vart lagt opp på same måte som ved revisjonen i 2008. Oppgavefordelinga var endra denne gongen som følgje av rolla til det Vitskaplegerådet for lakseforvaltning. Rådet blei oppretta av Direktoratet for naturforvaltning (DN) i 2009 og fekk i oppgåve å utgreie bestandsstatus for laks og gje råd om beskatning.

I tillegg oppretta DN i 2008 ei Arbeidsgruppe om tilhøva for sjøaure. Gruppa dokumenterte ei sterkt negativ utvikling i mengda sjøaure i store deler av landet. Det er teke omsyn til utgreiingane frå Vitskapsrådet og Arbeidsgruppa i dei nye forskriftene. Det er såleis ved denne revisjonen lagt stor vekt på tilhøva i sjøaurebestanden i vårt fylke.

Prosess

Vi har heldt fem møte i samband med vedlagte forskrift for komande fem år (2010-2014). For fire av møta blei det sendt invitasjon til alle elveeierlag og blei lagt kring om i fylket. Møtet med Regionalt fagråd for fylket fann stad på Fylkeshuset i Molde. Motiva for møta var å kome i dialog med elvefiske- og sjøfiskeinteresser og ulike andre aktørar. Det blei frå vår side orientert om situasjonen for bestandane av atlantisk laks og sjøaure. Det blei vist til det arbeidet som no skal gjennomførast og det ansvaret som ligg inne til deltaking frå alle partar. Om dette blei det peika på nasjonale mål knytt til forvaltning av anadrome bestandar og føre-vår tilnærminga som er nedfelt i DN's retningsliner, i NASCO (North Atlantic Conservation Organisation), i Vitskapsrådet og i Arbeidsgruppa sine vurderingar og råd. Det vart vidare frå vår side vist til DN sitt ferske framlegg til innkorting av fiske med fastståande reiskap i sjø og at dette var ei viktig føring for innkorting også i vassdraga. Moment og lokale

synspunkt som kom fram undervegs blei trekt inn i saka og fekk plass i høyringsframlegget 01.12.2009.

Høyringsfråseigner

Det har kome 40 fråseigner til vårt framlegg av 01.12.2009, viser til vedlagte liste. Fråsegnene inneholder svært mange synspunkt i ulike retningar og med forskjellig styrke. Det er uråd å gripe fatt i alle desse. Vi har nedanfor konsentrert oss om dei mest vesentlege.

Mange fråseigner peiker på at den negative utviklinga i anadrome villfiskbestandar først og fremst er styrt av tilhøve andre stadar enn i vassdraga. Det vert spesielt peikt på problemstillingar knytt til kommersielt fiskeoppdrett. Her blir lakselus og rømt oppdrettsfisk trekt fram. Det vert sett på av mange som *"meiningslaust og grovt urettferdig at reguleringar i vassdrag og sjø stadig vekk fører til innskjerping av regelverk på grunn av sviktande villfiskbestandar, medan det kommersielle fiskeoppdrett får utvide både tal konsesjonar og produksjonsvolum,"* som Driva Elveeigarlag skriv i si fråsegn.

I tillegg til kommersielt oppdrett blir det sett fokus på at fiske etter laks i sjø med fastståande reiskap må avta. Fleire gjev positiv tilbakemelding til vårt grunngjevne råd til DN om redusert fisketid etter anadrome laksefisk i sjø, jfr. Møre og Romsdal fylke sitt brev 16.11.2009.

Innkomne fråseigner viser likevel stor ansvarskjensle knytt til nye tiltak i vassdrag. At situasjonen er vanskeleg for laks og sjøaure vert påpeikt. Fråsegnene viser vilje til sjølpålagde avgrensingar ut over sentrale forskrifter om det skulle vise seg naudsynt. Fleire nemner tiltak som allereie har vore iverksatt med bakgrunn i lokale tilhøve.

Vår vurdering

Vi slutter oss til fråsegnene som signaliserer uro over negative effektar av det kommersielle oppdrettet. Mange er redd for at profittjag i næringa tek livet av ville anadrome bestandar. Frå vår side kan vi vise til fleire oppslag i NRK og presse. For kort tid sidan kom det fram frå forskarhald at røming av fisk sannsynlegvis er fleire gonger så omfattande som det dei offisielle rapportane seier. Samstundes blei det frå genetisk hald gjeve uttrykk for at stammar av norsk villaks vil forsvinne om ikkje omfanget i røming blir redusert til eit minimum. Kan hende har samla verknad av rømt oppdrettslaks over mange år allereie sett i sving negative genetiske prosessar som ikkje let seg snu. Opphavlege, lokale gener tilpassa det einskilde vassdrag er i ferd med å gå tapt som følgje av innblanding av rømt oppdrettsfisk.

Likevel er vi sett til gjennom DN sine retningsliner å vere konstruktive i prosessen med nye forskrifter. DN skriv at *"Villaksforvaltningen har et viktig verktøy gjennom regulering av fiske og at dette må anvendes selv om beskatningen ikke er årsaken til bestandsnedgangen."*

Einskilde fråseigner grip fatt i at den årlege fangstmengda dei seinare år har vore om lag den same og at ein av den grunn ikkje finn grunn til å innskrenke fisket. Til dette er det viktig å få fram at om fangstmengda er relativt stabil, kan gytebestanden vere for låg og langt under gytebestandsmålet, som er det forvaltningsmessige fokuspunkt for bestanden.

Ny forskrift om fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i Møre og Romsdal 2010-2014 grip fatt i å redusere fangst av villaks og sjøaure. Dette skal skje gjennom ulik avkorting av sesongen ved tidligare stopp i fiske, ved nattfredning og redskapsavgrensing. Gjennom høyringsrunden er vi styrka i synet på desse tiltaka som har fått stor oppslutning.

Vedlagte forskrift for fiske i dei neste fem åra inneholder same startdato 01.06., men avvik i sluttdato. Med lik startdato for alle elvane i fylket, vil dette også gjøre reglane meir oversiktlege for alle involverte og lettare å forhalde seg til. Endringa med tidlegare start og stopp i fisket, er tufta på røynslene frå 2003 til i dag då startdato var i midten av juni og stopp seint på sumaren. Forskyving av fiskesesongen fram i tid gjev bestandane tidligare ro på seinsumar og fram mot gyting.

I to elver, Litledalselva i Sunndal kommune og Rauma i Rauma kommune, er sluttdato for fisket sett til 15.09. I Litledalselva er tilhøva for fiske sterkt påvirkta av kraftregulering. Det er årsaka til at sportsfisket her tidlegare har gått føre seg ut september. Dei to siste åra var sluttdato 15.09. Dei innspela vi har fått i høyringa gjer at vi held fram med same sluttdato som for åra 2008 og 2009 også i dei komande fem åra. I Rauma gjeld fisket til 15.09. frå og med Rygghølen til stopp lakseførande strekning.

Vi må i denne samanheng også nemne at Driva i Sunndal kommune tidlegare har hatt septemberfiske i øvre delar frå og med Romfo til fylkesgrense Sør-Trøndelag. I vår kontakt med forvaltninga av Driva i Sør-Trøndelag, er vi kjende med at fisket der berre vil gå føre seg ut august. Høyringsfråsegna frå Oppdal jeger og fiskerforening gjekk sågar inn for totalfreding av sjøaure i heile Driva-vassdraget. Vi ser eit klårt behov for å koordinere reglane med nabofylket. På denne bakgrunnen vil fisket i vår del av Driva også vare berre ut august og ikkje til gamal dato midt i september.

Høyringsrunden har gitt klare tilbakemeldingar på nattfreding og markfiske. Begge gjeld i vassdrag med lakseparasitten *G. salaris* og er føre-vår tiltak knytt til sjøaure. Begge tiltaka kan verne verdfull fisk, store som små, ved å redusere fangsteffektivitet av vaksen fisk og i tillegg tiltak som vil ha positiv effekt i å spare ungfish. Ungfish i gyro-vassdrag er nesten eine og aleine aure.

I Driva er det motstand frå Sunndal Jeger og Fiskerforening i å innføre desse tiltaka. Foreninga får støtte frå fylkeslaget av Norges jeger og fiskerforbund. Dei er samde i å vidareføre det mangeårige forbodet mot mark i august. I tillegg kjem dei med framlegg om forbod i delar av vassdraget til ulike tider i sesongen. Det blir her fokusert på dei nedste elveavsnitta mot munningen. Frå tidlegare veit vi at fangsten her utgjer ein vesentleg del av totalfangsten i vassdraget. Foreninga skriv sjølv i si fråsegn at det vil vere eit godt tiltak å frede for markfiske i sone 1, frå munning til flomål. I tillegg gjer dei framlegg om m.a. døgnfreding og innkorta fiskeperiode nedstrøms Romfo.

Sunndal jeger og fiskerforening er konstruktive i sin søken etter tiltak som kan styrke bestanden av sjøaure i vassdraget. Vi er samd med retninga i deira framlegg til reglar i nedste delar av Driva, men vi vil utvide markforbodet til å gjelde sone 1, 2 og 3 heile sesongen. Samanlikna med markforbod i heile elva heile sesongen slik det opphavlege framlegget var, kan dette vere ei god løysing for Driva og regionen, ikkje minst knytt til dei økonomiske ringverknadene.

Framlegget om markforbod er mykje omtala òg i andre vassdrag, men med eit positivt forteikn. Mange elveeigarlag ser det som eit fornuftig tiltak. Både Visa og Eira i Nesset kommune skriv dei har fatta vedtak i laga om å innføre forbod mot markfiske. Markforbodet i Surna vil vere knytt til august, perioden med pålagt utsetting av holaks. Eira elveeigarlag vil i tillegg innføre freding i Eira kvar dag i perioden kl 13-18.

Smøla har gjennom mange år hatt spesielle reglar for fiske samanlikna med fylket elles. Det er berre påvist sjøaurevassdrag i området og fiske har gått føre seg store delar av året. Innkomne fråsegner har samanfallende konkret kunnskap om tilhøva i vassdraga på Smøla. På bakgrunn av motteken informasjon finn vi grunn til i alt vesentleg å vidareføre dei reglane vi har i dag.

Oppsummering

På denne bakrunnen følgjer vedlagte forskrift om fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i Møre og Romsdal 2010-2014. Forskrifta er tufta på situasjonen for anadrome bestandar i vårt fylke. Denne er dokumentert gjennom fangstutvikling, kategoriplassering, rømt oppdrettsfisk og gytebestandsmål, sjå m.a. notat 30.11.2009 i høyringsbrev 01.12.2009.

Avslutningsvis vil vi igjen sette fokus på innmelding av fangst. I denne høyringa har vi motteke for oss ukjende fangstmeldingar attende i tid frå fleire vassdrag. Det er særstakt viktig at slike opplysningar blir oversendt straks etter kvar sesong. Om det ikkje er fanga fisk er melding om det òg viktig. Fangst er eit viktig bestandsbarometer og skal rapporterast fire veker etter sesongslutt.

Vedlagte forskrift er å sjå på som ei ytre ramme. Elveeigarlag o.l. kan sjølv innføre sjølpålagde restriksjonar innafor den ramma som er gjeve i forskrifta frå fylkesmannen. I hovudsak inneheld forskrifta m.a. følgjande stikkord:

- same startdato 01.06., men ulik sluttdato
- innkorta fiskesesong for mange vassdrag
- nattfreding og markforbod i gyro-vassdrag
- fangstavgrensing

Med helsing

Per Fredrik Brun (e.f.)
Direktør miljøvernavdelinga

Jon Ivar Eikeland
Seksjonssjef

Vedlegg: fiskekonsulenter 2010-2014
Liste fråsegner
adresseliste

**FORSKRIFT OM FISKE ETTER ANADROME LAKSEFISK
I VASSDRAG I MØRE OG ROMSDAL 2010-2014**

Med heimel i lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v., § 33, jfr. kgl.res. av 27. november 1992 om åpning av fisket etter anadrome laksefisk og delegasjon til Fylkesmannen av 24. februar 1993, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal 15. februar 2010 fastsatt følgjande forskrift om fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i Møre og Romsdal.

§ 1. Fisketider (fom – tom)

I følgjande vassdrag i Møre og Romsdal er det tillate å fiske anadrome laksefisk i tidsrommet:

01.06. – 15.09.

Elv	Kommune
Litledalselva	Sunndal
Rauma	Rauma

01.06. – 31.08.

Elv	Kommune
Stordalselva	Stordal
Korsbrekkkelva	Stranda
Velledalselva	Sykylven
Moaelva	Fræna
Eira/Eikesdalsvatnet/Aura	Nesset
Innfjordelva	Rauma
Henselva (Isa/Glutra)	Rauma
Driva	Sunndal
Usma	Sunndal
Batnfjordelva	Gjemnes
Surna	Surnadal

01.06. – 15.08.

Elv	Kommune
Todalselva	Aure
Søya	Surnadal
Bævra	Surnadal
Todalselva	Surnadal
Vågsbøelva	Eide
Istadelva	Molde
Måna	Rauma
Vaksvikselva	Ørskog
Ørskogelva	Ørskog
Solnørelva	Skodje
Hildreelva	Haram
Valldøla	Norddal

Elv	Kommune
Eidsdalselva	Norddal
Nordalselva	Norddal
Strandaelva	Stranda
Aurelva	Sykylven
Vikelva	Sykylven
Vikelva (Bjørke)	Ørsta
Bondalselva	Ørsta
Ørstaelva	Ørsta
Øyraelva	Volda
Austefjord	Volda
Åheimselva	Vanylven

01.06. – 31.07.

Elv	Kommune
Storelva (Hanemsv.)	Tingvoll
Ulsetelva	Tingvoll
Ulvåa	Sunndal
Skeisdalelva	Gjemnes
Flemelva	Gjemnes
Baelva	Averøya
Bådalselva	Averøya
Lystadelva	Eide
Vassgårdselva	Eide
Vågsbøelva/Nåsvatnet	Eide
Hustadelva	Fræna
Farstadelva	Fræna
Malmealva	Fræna
Rugelva	Fræna
Oselva	Molde
Oppdølselva	Molde
Røaelva	Molde
Årøelva	Molde
Mittetelva	Nesset
Visa	Nesset

Elv	Kommune
Tressa	Vestnes
Fiksalselva	Vestnes
Skorgeelva	Vestnes
Tennfjordelva	Haram
Vatneelva	Haram
Tafjordelva	Norddal
Ramstaddalselva	Sykylven
Riksheimselva	Sykylven
Spjelkavikelva	Ålesund
Hareidselva	Hareid
Haddalselva	Hareid
Norangdalselva	Ørsta
Barstadvikselva	Ørsta
Storelva (S. Vart)	Ørsta
Storelva (N. Vart.)	Ørsta
Kilselva	Volda
Vågselva	Sande
Fiskåelva	Vanylven
Norddalselva	Vanylven
Oselva (Syvde)	Vanylven

15.12 – 15.09.

All vassdrag på Smøla

01.06. – 15.07.

All andre vassdrag med anadrome laksefisk i Møre og Romsdal

§ 2. Reiskapsbruk

Som agn er det berre tillate å bruke fluge, sluk, spinnar, wobblar og mark. Ved fiske frå land er det tillate å nytte ei stong eller eitt handsnøre pr. person. Det er berre tillate med inntil to agn pr. stong eller handsnøre. Ved fiske frå båt er det tillate å nytte to reiskapar (stong eller handsnøre) pr. båt. Det er berre tillate med eitt agn pr. stong eller handsnøre. Avstanden mellom krokstammen og krokspissen skal ikkje vere større enn 13 mm, for enkeltkrok ikkje større enn 15 mm. Stong og handsnøre skal ikkje forlatast under fiske. Det er forbode å bruke stong eller handsnøre på ein slik måte at fisken sannsynlegvis vil krøkast.

§ 3. Fangstavgrensing

Det er berre tillate å fange anadrome laksefisk som er minst 35 centimeter.

I vassdrag med lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* (Rauma/Istra, Innfjordelva, Henselva (Isa/Glutra), Driva, Litledalselva, Usma, Batnfjordelva) er fiske freda frå kl 24 til kl 06 neste dag.

I vassdrag med lakseparasitten *G. salaris* er fiske med mark forbode i Rauma/Istra, Innfjordelva, Henselva (Isa/Glutra), Usma og Batnfjordelva heile sesongen, i Driva i august og elles i sesongen i sone 1,2 og 3, i Litledalselva nedstrøms bru over Riksveg 62 i august og ut sesongen. I Surna er markfiske forbode i august.

I Rauma, Istra, Innfjordelva, Henselva (Isa/Glutra) gjeld døgnkvote på 1 sjøaure pr. fiskar. Laks er ikkje inkludert i kvotereguleringa. I Rauma gjeld fisket i september frå og med Rygghølen til stopp lakseførande strekning. I denne perioden er sjøaure freda og det er utsettingsplikt på sjøaure.

I Driva i Sunndal kommune gjeld døgnkvote på 2 sjøaure pr. fiskar. Laks er ikkje inkludert i kvotereguleringa. Når 2 sjøaure er tekne, skal alt fiske ta slutt.

I Surna i Surnadal kommune gjeld kvote på 1 laks pr. døgn, 2 pr. veke og 4 pr. sesong og døgnkvote på 1 sjøaure pr. fiskar. Holaks er freda i august og fanga fisk gjenutsettes.

I vassdrag utan kvote fastsett av elveeigarlag/grunneigarlag eller liknande fora etter fleirtalsvedtak, gjeld ein døgnkvote på 2 laks og 2 sjøaure pr. fiskar gjennom heile sesongen.

Det gjeld inga døgnkvote for laks i vassdrag med lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Heller ikkje for fiske etter rømt oppdrettsfisk, sjå § 4.

§ 4. Fiske etter rømt oppdrettsfisk

I vassdrag med stort innslag av rømt oppdrettsfisk kan Fylkesmannen i Møre og Romsdal tillate fiske ut over ordinær fisketid. Fylkesmannen avgjer kva for elvestrekningar fisket skal omfatte, tidsrommet for fisket og kva for reiskap som skal nyttast.

§ 5. Gytebestandsmål

I vassdrag med fastsette gytebestandsmål, spesielt nasjonale laksevassdrag utan lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* (Surna, Ørsta elva), skal den lokale forvaltninga innan utgangen av juli foreta ei bestandsvurdering med sikte på å setje inn ekstraordinære tiltak dersom det er fare for at gytebestandsmålet ikkje blir nådd.

§ 6. Desinfeksjonsrutinar

I vassdrag infisert av lakseparasitten *G. Salaris*, kan fisket stoppast på kort varsel dersom desinfeksjonsrutinar pålagt av Mattilsynet ikkje blir følgde.

§ 7. Dispensasjoner

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kan i spesielle tilfelle avvike frå denne forskrifta. Dette gjeld fisketider, reiskapsbruk, fangstkvoter og anna dersom det oppstår forhold som tilseier at beskatninga er uforsvarleg ut frå gytebestandsmålet.

§ 8. Straff

Brot på desse forskriftene er straffbart, jf. lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. § 49.

§ 9. Iverksetjing

Forskrifta tek til å gjelde straks. Samstundes blir forskrift 05. mars av 2008 om fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag 2008-2012 i Møre og Romsdal oppheva.

**Innkomne fråseigner i høyringa til brev 01.12.2009 om framlegg til fiskeforskrifter etter
anadrome laksefisk i vassdrag i Møre og Romsdal 2010-2014**

Herøy, Ulstein og Hareid kommune
Hareid Vilt- og Innlandsfiskenemnd

Ørsta kommune
Vilt- og innlandsfiskenemnda i Ørsta
Ørstavassdraget Elveeigarlag

Sykylven kommune
Sykylven vilt og innlandsfiskenemnd
Fetvassdraget grunneigarlag
Aureelva Elveeigarlag
Vikelva elveeigarlag

Stordal kommune
Stordal Elveeigarlag

Norddal kommune
Valldal elveeigarlag

Haram kommune
Tennfjord elveeigarlag

Vestnes kommune
Vestnes kommune

Fræna kommune
Sylte og Moen elveeigarlag

Molde kommune
Osenvassdraget elveeigarlag

Nesset kommune
Nesset kommune
Visa samarbeidsutvalg
Eira elveeigarlag
Svein Myrvang, elveeier/grunneier i Eira
Grunneigarlaget for Nordre del av Eikesdalsvatnet

Rauma kommune
Rauma elveeigarlag
Måna Elveeigarlag
Innfjorden Elvaeigarlag
Isa/Glutra elveeigarlag

Sunndal kommune

Sunndal kommune

Driva elveeigarlag

Sunndal jeger og fiskerforening

Fiskeutvalget i Opdal jeger og fiskarlag

Otto Tunheim, Oslo

Per Martin Johansen, Lillehammer

Øistein Olestad og Trygve Reistad, Lillehammer

Litldalen Elvaeierlag

Surnadal kommune

Surnadal kommune

Surnadal Elvaeigarlag og Rindal Elvalag

Jan Johansson, Sverige

Rolf Gustavsen, Kristiansund

Todalen Elveeigarlag

Nedre Søya elveeigarlag

Aure kommune

Todal utmark- og elveeigarlag

Smøla kommune

Smøla Grunneierlag

Askill Iversen Sandvik og Paal Øien, begge Kristiansund

Norges Jeger og fiskerforbund Møre og Romsdal

Adresseliste fiskeforskrifter 2010-2014

Aureelva elveeigarlag	v/ Petter Kirkebø	6230	Sykylven
Austefjord grunneigarlag	v/Erik S. Kalvatn	6110	Austefjord
Barstadvika elveeigarlag	v/ Nils Petter Tømmerbakk	6174	Barstadvik
Batnfjord elveeigarlag	v/Egil Magne Harstad	6631	Batnfjordsøra
Bergset elveeigarlag	v/ Baard Fredvig-Erichsen	6364	Vistdal
Bjørke elveeigarlag	v/Jon Kåre Bjørke	6190	Bjørke
Bjørkedal utmarkslag	v/Oddvin Sandvik	6120	Folkestadbygd
Bondalen elveeigarlag	v/ Kenneth Hustad	6166	Sæbø
Brusdalsvatnet grunneigarlag	v/ Svein Dalen, Rødsetvegen 42	6260	Skodje
Nedre Bævra elveeigarlag	v/Lars Bæverfjord jr.	6660	Bæverfjord
Driva elveeigarlag	v/Inger Marit Romfo	6613	Gjøra
Eidsdal elveeigarlag	v/ Lars Ivar Ytterdal	6215	Eidsdal
Eikesdal Grunneigarlag	v/Else Janne Sæter	6472	Eikesdal
Eikesdalsv. grunneigarlag Nordre del	v/ Henning Øverås	6470	Eresfjord
Eira elveeigarlag	v/Per Even Opsal	6470	Eresfjord
Engesetvassdraget grunneigarlag	v/Louis Giske	6260	Skodje
Farstadelva elveeigarlag	v/Anders I. Farstad	6444	Farstad
Fetvassdraget grunneigarlag	v/ Håkon Fedt	6220	Straumgjerde
Fuglvågvassdraget	v/Odd Einar Junge	6570	Smøla
Fyrde elveeigarlag	v/Per Rune Førde	6110	Austefjorden
Grunneigarlaget på Ulstein	v/Johan Gert Ulstein	6165	Ulsteinvik
Gursken elveeigarlag	v/Helge Sandvik	6082	Gurskebotn
Haddalselva elveeigarlag		6064	Haddal
Hareidselva elveeigarlag	v/ Ottar Arne Hareide	6060	Hareid
Hildreelva Fiskeforening	v/Bent Freddy Fylling	6272	Hildre
Hoemselva	v/Erling Hoem	6637	Flemma
Hunda elveeigarlag	v/Svein Midtgård	6224	Hundeivik
Hustad elveeigarlag	v/ Olav Terje Flataker	6433	Hustad
Høydal elveeigarlag	v/ Lars Jon Høydal	6110	Austefjord
Indre Urke elveeigarlag	v/Helge Urke	6196	Nordangsfjorden
Innfjordelva elveeigarlag	v/Odd Sætre	6385	Innfjorden
Istadelva elveeigar	v/ Chr. Bjørset, Skrenten 19 b	6411	Molde
Isa og Glutra elveeigarlag	v/ Ove Moa	6320	Isfjorden
Istra vilt og fiskarlag	v/Ole Jon Bakke	6300	Åndalsnes
Johan Daae Quale		6260	Skodje
Jordalselva	v/John Bjarne Jordal	6610	Øksendal
Kile elveeigarlag	v/ Harald Søvik	6120	Folkestadbygd
Kleppen utmarkslag Eidsvågelva	v/Per Harholt	6460	Eidsvåg
Korsbrekkeelva elveeigarlag	v/ R. Kaland, Fjordvegen 46	6230	Sykylven
Lilledalen fiskarlag	v/Ola Haarstad	6600	Sunndalsøra
Malme og Røyshol elveeigarlag	v/Kjell Røshol	6445	Malmefjorden
Melsbygda elveeigarlag	v/Steinar Nossen	6150	Ørsta
Mittetelva elveeigarlag	v/Trond Dahle	6363	Mittet
Myklebust elveeigarlag	v/Hans Myklebust	6140	Syvde
Mørevassdraget elveeigarlag	v/Tore Våde	6610	Austefjord
Måna elveeigarlag	v/ Alf G. Sæbø, Skeide	6386	Måndalen

Nedre Bævra elveeigarlag	v/Lars Bæverfjord jr.	6660	Bæverfjord
Nedre Driva elveeigarlag	v/ Jostein Trædal	6600	Sunndalsøra
Nedre Søya elveeigarlag	v/ Ingebrigts Grytskog	6640	Kvanne
Nedre Visa elveeigarlag	v/Audun Myklebostad	6364	Vistdal
Nordangdal elveeigarlag	v/Steffen Nordang	6196	Nordangsfjord
Norddal elveeigarlag	v/ Roar Hjelle	6214	Norddal
Nordre Vartdalselva elveeigarlag	v/ Johan Vartdal	6173	Nordre Vartdal
Norske lakseelver	Postboks 9354, Grønland	0135	Oslo
Nåsvatnet grunneigarlag	v/ Nils Erik Lyngstadås	6490	Eide
Oselva	v/Jarlaug Halse	6453	Kleive
Osenvassdraget fiskelag	v/K.E. Eriksson, Storenggt. 36	6512	Kristiansund
Ramstadalselva elveeigarlag	v/Ole Arne Ramstad	6230	Sykylven
Rauma elveeigarlag	v/Vidar Skiri, Skiri	6300	Åndalsnes
Riksheim og Erstad lakselag	Vikedalen 2	6230	Sykylven
Rindal elvalag	v/Torbjørn Amundsgård	6657	Rindal
Settemdalselva	v/Fredrik Garte	6660	Bæverfjord
Skjølberg grunneigarlag	v/Kristian Skjølberg	6570	Smøla
Skorgeelva elveeigarlag	v/Bernt Gjelsten, Kjelbotn	6391	Tresfjord
Slyngstadelva grunneigerlag	v/Magne Slyngstad	6265	Vatne
Smøla grunneigarlag	v/ Svein Roksvåg	6570	Smøla
Solnørelva elveeigarlag	v/ Daae-Qvale	6260	Skodje
Store Standal	v/ Jostein Grytten	6265	Vatne
Steinsvikselva	v/Jon Vassbakke	6120	Folkestadbygd
Stordal elveeigarlag	v/ Johan B. Øvrebust	6250	Stordal
Stranda elveeigarlag	v/Ole Jørgen Sve	6200	Stranda
Straumsnes Jeger og Sportsf. forening	v/Eivind Kvisvik	6674	Kvisvik
Sunndal Jeger og Fiskeforening	v/ Svein Haugen	6600	Sunndalsøra
Surnadal elveeigarlag	v/ Georg Solem	6650	Surnadal
Sylte og Moen elveeigarlag	v/Ole Syltebø	6440	Elnesvågen
Søya grunneigarlag, opp.Haugafoss	v/ Ole Johan Kvenbø	6650	Surnadal
Tafjord elveeigarlag	v/Rolf Dyb	6222	Ikornes
Tennfjord elveeigarlag	v/ Tor Inge Myren, boks 155	6249	Ørskog
Todal utmarks- og elveeigarlag	v/ Ola Todal, Nordslettvegen 42	7038	Trondheim
Todalen elveeigarlag	v/Asbjørn Karlsen	6645	Todalen
Torvik Utmarkslag	v/ Steinar Torvik	6639	Torvikbukt
Tressa elveeigarlag	v/Johnny Børge Kjersheim	6391	Tresfjord
Ulsteinelva	v/Johan Gert Ulstein	6065	Ulsteinvik
Usma elveeigarlag	v/Jan Forset Haugen	6610	Øksendal
Vaksvikselva	v/ Tore Vaksvik	6240	Ørskog
Valldal elveeigarlag	v/ Aksel Døving	6210	Valldal
Vartdalselva elveeigarlag	v/Håvar Eikebø	6170	Vartdal
Vassgårdsvatnet grunneigerlag	v/Ebbe Ugelstad	6490	Eide
Vatne grunneigarlag	v/Robert Iversen	6265	Vatne
Vik elveeigarlag	v/ Elias Øvregård	6140	Syvde
Vikelva elveeigarlag	v/Kristen Blindheim	6230	Sykylven
Visa samarbeidsutvalg	v/ Jan Rindli	6364	Vistdal
Viåen Elveeierlag	v/Inge Engås	6390	Vestnes
Ytre Fræna Grunneigarlag	v/Tor Kvadsheim	6444	Farstad

Ytre Urke elveeigerlag	v/ Helge Urke	6196	Nordangsfjorden
Øre Utmarksdraget elveeigarlag	v/Fredrik Fredricson	6631	Batnfjord
Ørskog elveeigarlag	v/Tore Tenfjord	6240	Ørskog
Ørstavassdraget elveeigarlag	v/ Per Magne Bjørndal, Åmås	6150	Ørsta
Øyreelva elveeigarlag	v/ K. M. Årseth, Vikebygdv. 72	6100	Volda
Åheim elveeigarlag	v/ Svein Thue	6146	Åheim
Åndal og Furset elveeigarlag	v/ Nils Martin Sæther	6631	Batnfjordsøra

Alle kommuner i M&R

Direktoratet for naturforvaltning, Tungasletta 2, 7485 Trondheim

NJFF, avd. Møre og Romsdal, v/ Roger Hustad, Per Amdamsvei 1A, 6413 Molde

Svein Magne Myrvang, 6470 Eresfjord

Sunndal jeger og fiskerforening v/ Svein Haugen, Øranveien 45, 6600 Sunndalsøra

Oppdal jæger og fiskarlag v/ Erik Gunnar Fagerhaug, Røllikvegen 6, 7340 Oppdal

Otto Tunheim, Haugerudveien 68, 0674 Oslo

Per Martin Johansen, Gardvegen 22, 2615 Lillehammer

Øistein Olestad, Hans Aanruds veg 15 F, 2618 Lillehammer

Trygve Reistad, Vargstadvegen 31 B, 2619 Lillehammer

Jan Johansson, Grindstolpen 25, 442 39 Kungolv, Sverige

Rolf Gustavsen, Stortuveien 17, 6511 Kristiansund

Askill Iversen Sandvik, Hauggata 46, 6509 Kristiansund